



Hjelmås VVS AS v/Peder Hagesæter
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2604 - 16/25100

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
21.09.2016

Utsleppsløyve og løyve til etablering av avlaupsleidning på gbnr - 195/88 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:Ronald Clark Baird

Ansvarleg søker:Hjelmås VVS AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2. Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utslepp og etablering av røyr og slamavskiljer for fritidsbustad 195/88.

Det skal etablerast slamavskiljer på tomta før bruntvann først i røyr inn på etablert avlaupsrøyr på gbnr 195/89. Det ligg føre erklæring i frå eigar av gbnr 195/89 for å koble røyr frå Bnr 88 inn på røyr som går ut i sjø.

Det vert elles vist til søknad motteke her 08.09.2016.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.09.2016.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Reinseløysing



Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Tilknyting til eksisterande røyr

Utsleppet i frå slamavskiljer på gbnr 195/88 skal førast inn på røyr på bnr 89 som har utslepp i sjø.

Utsleppsdybde er opplyst til å ligge på 15 m dybde.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Ansvar/Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjær si vurdering av tiltaksklasse, gjennomføringsplan og erklæring av ansvarsretter til grunn.

Privatretslege tilhøve

Det ligg føre skriftleg samtykke som sikrar bnr 88 rett til å koble seg på eksisterande røyr til sjø på bnr 89.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 f vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av slamavskiljer og røyr knytt til dette anlegget på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 08.09.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeforskrifta.**
- 4. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 5. Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 6. Anlegget kan ikkje takast i bruk før det ligg føre ferdigattest for heile tiltaket.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2604

Ansvaret

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegne føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ronald Clark Baird

Storheia 2

5239

RÅDAL

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS v/Peder Hagesæter Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS